
Saksnr: 2021/18125-1
Saksbehandlar: Karl Viken

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.05.2021
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.05.2021
Hovudutval for næring		25.05.2021
Hovudutval for opplæring og kompetanse		25.05.2021
Fylkesutvalet		01.06.2021
Fylkestinget		16.06.2021

Tertialrapport pr. april 2021 - rekneskapsprognose

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering
2. Investering: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

	kr 1 000
Bompengepakkar	-195 366
Store investeringsprosjekt	-62 765
Tunnelrehabilitering	132 555
Mindre utbetringar	-83 560
Gang- og sykkelveg	28 377
Trafikktryggingstiltak	11 294
Kollektivtrafikktiltak	7 059
Miljø og servicetiltak	3 804
Planlegging	6 085
Øvrig	18 101
Skredsikring	92 529
Sum vegar	-41 887
Askøy vgs.	-30 000
Nye Førde vgs / THT Førde	60 000
Måløy vgs. - opplæringsfartøy	-30 000
Måløy vgs. -rehab. bl. A og D	-30 000
Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	-20 000
Mo og Øyrane vgs - rehab./omb. internat	-5 100
Måløy vgs. - akvahall	-4 000
Nytt fylkeshus	-80 000
Tannklinikkar	5 000
Felles IT investeringar	13 000

Sum bygg	-121 100
Finansiering:	
Mva komp.	-32 987
Bompengar	-98 000
Lån	-32 000
Sum finansiering	-162 987

3. Drift: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i driftsbudsjettet:

kr 1 000

Løyvingsniv å	Tekst	Meirutg. Mindreinnt.	Meirinnt.
1	Rammetilskot		168 147
22	Forsking, kompetanse, internasj.	35 547	
51	Billettinntekter kollektiv	132 600	
		168 147	168 147

Samandrag

Tertialrapporten etter 1. tertial 2021 viser prognose som tilseier balanse i rekneskapen ved utgangen av året. Dette er betre enn prognose enn pr. 1. tertial 2020; då var prognosen eit negativt avvik på om lag 78 mill. kr. I begge prognosane, både for 2020 og 2021, er det rekna inn statleg kompensasjon for inntektssvikten i kollektivtrafikken.

På same tidspunkt i fjor pr. 1. tertial, var det stor uvisse rundt verknadane av pandemien, og om dei økonomiske verknadane vart kompensert frå statleg hald. I verste fall tok prognosen pr. 1. tertial i fjor høgde for eit negativt resultat på mange hundre mill. kr. No er det utsikter til opning av samfunnet, og heile inntektssvikten innan kollektiv har vorte kompensert kontinuerleg fram til og med 1. kvartal i år. Det har og kome signal om vidare dekking av tapa. I prognosen er det teke høgde for eit inntektstap på 380 mill. kr, og ein kompensasjon på 340 mill. kr innan kollektivtransporten i 2021. Grunnen til at ein ikkje har rekna inn full kompensasjon er at staten har stilt spørsmål ved å kompensere fylkeskommunen for eit auka volum av passasjerar som ikkje betaler.

Årsprognosen til Vestland kan oppsummerast slik;

Årsprognose sektorane samla	46
Årsprognose for budsjettområde utanfor sjølve drifta	-46
Årsprognose Vestland pr. 1. 2021	0

Pandemien har stor verknad på dei fylkeskommunale tenestene, og i prognosane på dei ulike områda vert det meldt om både mindre- og meirforbruk grunna situasjonen. Av sektorane er det mobilitet og kollektiv som ligg an til størst budsjettavvik i 2021; eit budsjettmessig overskot på 70 mill. kr. Dette avviket kjem av endringar i kollektivkontraktar og pandemieffektar som senker kostnadane. Dei andre sektorane har relativt små negative avvik eller balanse som årsprognose. Til saman har alle sektorane ein positiv årsprognose på 46 mill. kr. Tilhøve utanfor sjølve drifta og tenestene til Vestland fylkeskommune har ein negativ årsprognose på 46 mill. kr. Skattekapittelet ligg an til ein svikt på 81 mill. kr, lønsoppgjøret for 2021 kan verte 20 mill. kr høgare enn budsjettet, og konsesjonskraftinntektene har ei utvikling som kan gje eit positivt avvik på 55 mill. kr. Totalt vert då årsprognosen for 2021 for Vestland balanse.

I revidert nasjonalbudsjett for 2021, som regjeringa la fram 11. mai, var effektar og kompensasjonar i høve til pandemien sentrale tema. Fylkesrådmannen viser til gjennomgangen i rapporten i høve til kva økonomiske konsekvensar dette medfører for Vestland fylkeskommune.

Eit hovudmoment er at fylkeskommunen reknar med vidare kompensasjon for tapte kollektivinntekter. Samstundes vert det i revidert nasjonalbudsjett gjeve signal om betra skatteinngang for resten av året. I årsprognosen har fylkesrådmannen teke høgde for nesten full kompensasjon for inntektssvikten innan kollektivtrafikken. For skattekapittelet av ventar ein å gjere endringar i årsprognosen til 2. tertial; når ein forhåpentlegvis har fått konstatert betring i skattetala.

Fylkesrådmannen viser elles til gjennomgangen av sektorane sine prognosar, og oversikt som syner korleis prognosen fordeler seg på løyvingnivå. Fylkesrådmannen gjer framlegg om nokre endringar i investeringsbudsjettet; i hovudsak som følgje av endra framdrift i allereie vedteke investeringsprosjekt. Det vert også gjort framlegg om å endre totalramma til nokre prosjekt. Det er vidare forslag om nokre endringar i driftsbudsjettet som følgje av statlege løyvingar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Investering

Brutto utg. i kr 1 000	Rekn. pr. april	Årsbudsjett	Forbruk %
Bygg m.m.	192 719	1 251 500	15,4 %
Mobilitet og kollektivtransport	974 884	2 161 800	45,1 %
Infrastruktur og veg	372 253	2 342 028	15,9 %
Total	1 539 855	5 755 328	26,8 %

Tabellen gjev oversyn over kor mykje som er brukt til investeringar pr. 1. tertial 2021. Normalt er forbruket på investeringsprosjekt størst i 3. tertial, så det er ikkje unaturleg at forbruket pr. 1. tertial er litt lågare enn budsjettet pr. 1. tertial skulle tilseia. Med jamt forbruk ville om lag 33 % av årsbudsjettet vore brukt, men det syner så langt berre eit forbruk på 26 %. Bybaneutbygginga går for fullt, og tabellen viser at på området mobilitet og kollektivtransport har ein alt brukt 45 % av årsbudsjettet. På områda bygg og infrastruktur og veg ligg forbruket på høvesvis 15,9 % og 15,4 % av årsbudsjettet.

Status for dei tre investeringsprogramma for bygg, fylkesveg og kollektiv er omtala nedanfor.

Investeringsprogram bygg og eigedom

Endring budsjett 2021

Askøy vgs

Grunna rekkefølgekrav i områdeplanen, så har byggstart i prosjektet vorte utsett noko, men i mars 2021 vart byggearbeidet starta. Totalramma er uendra, men 30 mill. kr er flytta frå 2021 til 2022.

Førde vgs

Framdrifta for Førde vgs har vore raskare enn planlagt, og byggekontrakten blei signert i mars. Totalramma på prosjektet er uendra, men 60 mill. kr er flytta fram frå 2024 til 2021.

Måløy vgs - nytt opplæringsfartøy

Grunna avlysing av anbodskonkurranse og revidering av kravspesifikasjonane er framdrifta noko utsett samanlikna med den opphavelige planen. Ny anbodskonkurranse er no ute i marknaden, og tildeling er planlagt sommaren 2021. Totalramma er uendra, men 30 mill. kr er flytta frå 2021 til 2022.

Måløy vgs - rehab bl. A og D

Rehabiliteringa av A og D bygget ved Måløy vidaregåande skule må sjåast i samanheng med prosjektet med ny akvahall ved skulen. I tillegg spelar det inn at fagskulen skal inn i eit leigelokale sentralt i Måløy. Arbeidet med å utarbeida ein samla plan er starta. Arbeidet vil ta lengre tid enn tidlegare antatt av di leigelokale må avklarast, og fordi det er naudsynt å gjennomføra ein reguleringsplan. For rehabiliteringsprosjektet er totalramma uendra, men 30 mill. kr er flytta frå 2021 til 2023.

Mo og Øyrane vgs- nytt verkstadbygg Mo

I ein førehandskonferanse har kommunen stilt krav om utarbeiding av ein reguleringsplan. Dette har forsinka byggeprosessen med knapt eit år. Totalramma er uendra, men på grunn av nemnde tilhøve er 20 mill. kr flytta frå 2021 til 2022.

Mo og Øyrane vgs - rehab/omb internat mm.

Grunna manglande kapasitet til gjennomføring så er dette arbeidet utsett i eit år. Totalramma er uendra, men investeringane er utsett med eit år. Med det er 5,1 mill. kr flytta frå 2021 til 2022, 16,4 mill. kr er flytta frå 2022 til 2023 og 34,4 mill. kr er flytta frå 2023 til 2024.

Måløy vgs - akvahall

Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjekt Måløy vgs, rehab A og D som er omtala over. For dette prosjektet er totalramma usikker, men foreløpig er 4 mill. kr flytta frå 2021 til 2023.

Nytt Fylkeshus

Arbeidet med nytt fylkeshus er forsinka med omlag 2 månadar grunna uføresette tilhøve i rivinga av det gamle bygget. I tillegg har det vore mangel på spesialisert arbeidskraft grunna stengte grenser. Periodiseringa av kostnadane i prosjektet er difor endra. 30 mill. kr er flytta frå 2021 til 2022, og 50 mill. kr er flytta frå 2021 til 2023.

Tannklinikkar

I investeringsbudsjettet for 2021 så var det opphaveleg sett av berre kr 100 000 til tannklinikkar i 2021, medan det syner seg av behovet eigentleg er 5 mill. kr meir. Løyvinga for denne posten blir i første tertial difor justert opp til totalt 5,1 mill. kr

Oppsummering bygg og eigedom

Prosjekt med endringar i budsjett 2021:

Investeringar (tal i 1000kr)	2021 - budsjett	Endring 1. tertial	Revidert budsjett 2021
Askøy vgs	195 100	-30 000	165 100
Nye Førde vgs/THT Førde	92 400	60 000	152 400
Måløy vgs - opplæringsfartøy	80 100	-30 000	50 100
Måløy vgs - rehab bl. A og D	30 800	-30 000	800
Mo og Øyrane vgs- nytt verkstadbygg Mo	35 900	-20 000	15 900
Mo og Øyrane vgs - rehab/omg internat mm	5 100	-5 100	0
Måløy vgs - akvahall	5 100	-4 000	1100
Nytt Fylkeshus	410 800	-80 000	330 800
Tannklinikkar	100	5 000	5 100
Sum investering	855 300	-139 100	721 300

Investeringsprogram fylkesveg

Tertialrapporten syner at det så langt er stor usikkerheit knytt til årsprognosane for mange prosjekt. Det er difor ønskeleg for fleire av prosjekta å sjå utviklinga framover før ein gjer budsjettendringar. I denne tertialrapporten vert det foreslått ein samla reduksjon i investeringsbudsjettet på 435,9 mill. kr. Av dette er

- 454,1 mill. kr forskyving av løyvingar til komande år i pågåande prosjekt
- 17 mill. kr er auka løyving på grunn av auka kostnadar i prosjektet fv. 5631 Øyni bru
- 1,2 mill. kr er nytt behov knytt til Haugalandspakken - fv. 47 Rophusvegen - Ekrene (1 mill. kr) og store utstyrskjøp 0,2 mill. kr

I tillegg er unytta løyvingar frå 2020 på 394 mill. kr overført til 2021, slik at netto vert løyvinga for 2021 redusert med 42 mill. kr.

Under er framlegg til endringar pr. 1 tertial gjennomgått.

Endring budsjett 2021Overført beløp 2021

Justering som følgje av meir/mindreforbruk i 2020 er 394 mill. kr. Dette gjeld tekniske budsjettendringar som følgje av meir-/mindreforbruk i 2020 for pågåande prosjekt. Summen viser unytta løyving i 2020 som er forskyvd til 2021.

Bompengepakkar

Løyvinga til bompengepakkanne vert redusert med 317 mill. kr samla sett. Årsaka er forseinka framdrift i høve til føresetnadane i budsjettet. Forseinkingane er hovudsakleg knytt til at det har teke meir tid å få naudsynte godkjenningar og avklaringar av reguleringsplanar enn føresett. Askøypakken vert redusert med 120 mill. kr, Nordhordalandspakken vert redusert med 171 mill. kr og Førdepakken vert redusert med 27 mill. kr. Det vert sett av 1 mill. kr til prosjektet fv. 47 Rophusvegen - Ekrene. Tiltaket vert finansiert med bompengar frå Haugalandspakken.

Store investeringsprosjekt

Løyvinga til prosjektet Ytre Steinsund bru vert redusert med 35 mill. kr. Det er då føresett at tiltak i prosjektet kjem i gang i november.

Mindre utbetringar

Løyvinga vert redusert med samla 154,1 mill. kr. Årsaka er hovudsakleg at det er forseinkingar knytt til prosjekta fv. 161 Åsen - Helleskaret med 30 mill. kr, fv. 57 Dale - Storehaug med 40 mill. kr og løyvinga til Bruer og kaier vert redusert med samla 62 mill. kr.

Gang- og sykkelveg

Løyvinga til prosjektet fv. 548 Brandsøy - Solheim vert redusert med 15 mill. kr grunna ein seinare oppstart.

Øvrig

Løyvinga til utstyrskjøp vert auka med 0,2 mill. kr grunna meirbehov for utstyr som må brukast til landmåling.

Skredsikring

Løyvinga til skredsikring vert auka med 85 mill. kr. Dette er knytt til forsert framdrift på prosjekta fv. 500 Folgefonntunnelen - Årsnes med 52 mill. kr og fv. 53 Ljoteli med 16 mill. kr. Prosjektet fv. 5631 Øyni bru har behov for å få ei auka løyving på 17 mill. kr grunna inndekning av meirforbruk frå 2020. Prosjektet har også blitt dyrare enn føresett grunna lengre byggetid, og større omfang og kompleksitet.

Oppsummering fylkesveg

Prosjekt med endringar i budsjett 2021:

Investeringar (tal i 1000kr)	2021 - budsjett	Overført beløp	Endring 1. tertial	Revidert budsjett
Bompengepakkar	981 559	121 634	-317 000	786 193
Store investeringsprosjekt	97 000	-27 765	-35 000	34 235
Tunellrehabilitering	202 300	132 555	0	334 855
Mindre utbetringar	394 459	70 520	-154 080	310 899
Gang- og sykkelveg	130 900	43 377	-15 000	159 277
Trafikktryggingstiltak	43 700	11 294	0	54 994
Kollektivtrafikktiltak	22 500	7 059	0	29 559
Miljø og servicetiltak	6 300	3 804	0	10 104
Planlegging	25 500	6 085	0	31 585
Øvrig	75 200	17 901	200	93 301
Skredsikring	367 600	7 529	85 000	460 129
Sum investering	2 347 018	393 993	-435 880	2 305 131

Investeringsprogram kollektiv

Investeringsprogram for kollektiv består av ulike mindre investeringsprosjekt- og tiltak til buss, bane, båt og ferje. Døme på dette er løysingar for passasjerteljing, trafikantinformasjon og billettering. I tillegg ligg det her budsjett til ladeinfrastruktur for ferjer, og investeringar til terminalbygg og sjåførtiltaksanlegg. Ein stor del av kollektivbudsjettet vert brukt til bybaneinvesteringar. Vurderinga er at det ikkje er trong for å gjere budsjettendringar på nokon av delane av dette investeringsprogrammet. Fylkesrådmannen kjem attende til eventuelle justeringar etter 2. tertial.

Under er status i høve til framdrift på prosjekta.

Bybanen byggjetrinn 4

For byggetrinn 4, Bergen sentrum - Fyllingsdalen, er det sett av 1 848 mill. kr i 2021. Prosjektet omfattar bybanetraseen, sykkelstamveg frå Mindemyren til sentrum, ny kanal på Mindemyren og sykkelstamveg gjennom Løvstakken. Gjennom Miljøløftet dekkjer staten 66 % av kostnaden ved

utbygginga av bybanetraseen og 100% av sykkelstamvegen. Det resterande i prosjektet er føresett finansiert med bompengar og andre lokale bidrag.

Status for prosjektet er at grunnarbeid pågår på heile strekninga Bergen sentrum - Fyllingsdalen. Sykkeltunnel mellom Kronstad og Fløen er i forhandlingsfasen, og vert starta opp i 2. halvår 21. I tillegg er alle tekniske entreprisar (likerettarar, kontaktleidningsanlegg, elektro, spor og sporvekslar), og vognhall, leskur og underjordisk haldeplass Haukeland sjukehus godt i gang. Det er lagt ned til saman rundt 4,6 kilometer spor av totalt vel 20 kilometer. Dei ekstra kilometerane i høve til trasè- lengda i dobbeltspor vert lagt i vognhall, inkludert tilførselstunnel, og på avviksspor på Kronstad. Grunnerversaktivitetar pågår; inkludert førebuingar til overskjønn, mellom anna på Mindemyren.

Det er pr. 1. tertial 2021 brukt 816 mill. kr, og det er ikkje venta avvik i høve til det som er budsjettert i 2021. Framdrifta i prosjektet har vore god gjennom heile koronapandemien, men det har vore nokre utfordringar knytt til grensepassering for utanlandske arbeidrarar, og til inntrenging av vatn i Fyllingsdalsstunnelen. Sistnemnde moment kan få framdriftsmessige, og dermed økonomiske konsekvensar.

Bybanen - Byggjesteg 5

For Byggjesteg 5 frå Bergen sentrum til Åsane er Bergen kommune i gang med reguleringsplanprosessen. Det vil vere naudsynt å setje av midlar til planlegging- og grunnerversarbeid i kommande økonomiplanperiode. Det er lagt opp til å nytte 51 mill. kr til planlegging i 2021 og 27 mill. kr i 2022. Planmidlane vert dekkja gjennom Miljøløftet.

Bybanen i Bergen - Vognmateriell

Opphavelag budsjettert kostnad for dette prosjektet var 276 mill. kr, men er no rekna til 309 mill. kr etter gjeldande valutakursar. Finansieringa av vognmateriellet skjer gjennom ei delt løysing mellom fylkeskommunale og statlege midlar. Det er sett av 27,3 mill. kr i 2021 og 107 mill. kr i 2022. Pr. 1. tertial er det ikkje haldepunkt for å endre budsjettet, men fylkesrådmannen vil vurdere behovet for dette i rapport etter 2. tertial.

Ferjer - ladeinfrastruktur

Ladeinfrastruktur for overgang til miljøvenleg ferjedrift, skulle etter planen ferdigstillast i 2020. Delar av prosjektet, med ein total bruttokostnad på 755 mill. kr, vart forseinka og det vart difor sett av 228 mill. kr i budsjettet for 2021 til ferdigstilling. Netto kostnad for fylkeskommunen i 2021 er 1 mill. kr, sidan det kan inntektsførast 227 mill. kr i støtte frå Enova dette året. Det er ikkje meldt om ytterlegare forseinkingar pr. 1. tertial, og prosjektet kan difor avsluttast i løpet av 2021.

Drift

Revidert nasjonalbudsjett

I revidert nasjonalbudsjett for 2021, som regjeringa la fram 11. mai, sto effektar og kompensasjonar i høve til pandemien sentralt. Eit hovudmoment som er omtala under er at fylkeskommunen reknar med vidare kompensasjon for tapte kollektivinntekter. Samstundes vert det gjeve signal om betra skatteinngang for resten av året. I årsprognosen har fylkesrådmannen teke høgde for nesten full kompensasjon for inntektssvikten innan kollektivtrafikken. For skattekapittelet av ventar ein å gjere endringar i årsprognosen til 2. tertial; når ein forhåpentlegvis har fått konstatert betring i skattetala.

Økonomiske effektar pandemien

Tap av kollektivtrafikkinntekter

Prognosen for kollektivtrafikkinntektene viser svikt på heile 380 mill. kr for 2020. Dette er på linje med svikten som var i 2020. Det er likevel enno for tidleg å ha sikker formeining om i kva grad prognosen slår til. Smittesituasjonen resten av året er heilt avgjerande der vaksinasjonstempoet er ein viktig faktor.

Staten følgde godt opp med kompensasjon for inntektstapet i 2020, og har halde fram i 2021. KS koordinerer innspel av prognosane frå dei ulike fylkeskommunane til sentrale styresmakter. Så langt i 2021 har det vore to rapporteringsrundar. Etter fyrste kvartal/rapporteringsrunde vart det overført 132 mill. kr til Vestland fylkeskommune som kompensasjon for inntektsbortfallet.

Fylkesrådmannen foreslår, som det går fram av forslaget til innstilling, å redusere budsjettet for kollektivtrafikkinntektene med denne summen.

Tap av inntekter i tannhelse

Utover tapet innan kollektivsektoren, har fylkeskommunane også tapte inntekter i tannhelsesektoren. Tapet er også omtala under prognosen for tannhelsesektoren. Når det gjeld dette tapet, så har ikkje staten lagt opp til ei eiga kompensasjonsordning, men meiner at det er dekkja innanfor det samla økonomiske opplegget for kommunesektoren. Tannhelsesektoren i Vestland har så langt klart å halde budsjetta på trass av ein stor inntektssvikt.

Skatt og rammetilskot

Rammetilskot

I statsbudsjettet, som vart vedteke i desember 2020, var det sett av midlar til å kompensere fylkeskommunane for tapte billettinntekter i kollektivtrafikken i første del av 2021. I mars vart det fordelt 1 218,9 mill. kr. Av dette fekk Vestland 132,6 mill. kr.

Stortinget har også løyvd midlar til bedriftsintern opplæring (Prop. 79 S 2020-2021 og Prop. 94 LS 2020-2021). Vestland fekk tildelt kr 35 547 000. Summen vart utbetalt i rammetilskotet for april.

Fylkesrådmannen foreslår at dei tildelte summene vert innarbeidde i budsjettet. Summen som gjeld bedriftsintern opplæring kr vert lagt til løyvingsnivå Forsking, kompetanse og internasjonalisering innanfor Innovasjon og næring.

I revidert nasjonalbudsjett foreslår regjeringa å auke skjønstilskotet til fylkeskommunane med 1 681 mill. kr. 150 mill. kr er tenkt for å kompensere meirutgifter i vidaregåande opplæring og tapte inntekter i tannhelsetenesta. 1 531 mill. kr skal gå til å kompensere for tapte billettinntekter i kollektivtrafikken. Fordelinga mellom fylkeskommunane er ikkje fastsett enno.

Regjeringa foreslår vidare å løyve 55 mill. kr til fylkeskommunane. Målet er å redusere ferjetakstane med 10 % i andre halvår 2021. Vestland sin del av løyvinga utgjer 14,2 mill. kr.

Til sist går det også fram at redusert mva sats på 6 % for kollektivsektoren er vidareført ut september 2021.

Skatteprognose

Det er venta at skatteprognosen vil kunne endre seg ein del dei neste månadane, men ein legg no til grunn ein svikt på 81 mill. kr på skattekapittelet ved årets slutt. Dette kjem av at skatteoverslaget i budsjettet så langt har vist seg å vere for høgt, og at det til no i 2021 er konstatert eit negativt avvik på skattekapittelet. Skatteoverslaget i budsjettet er i samsvar med det ein kan lesa ut av statsbudsjettet og det såkalla «Grønt hefte».

I revidert nasjonalbudsjett er det venta auke på skatteområdet som tilseier eit langt mindre negativt avvik ved årets slutt enn det som prognosen i denne rapporten tilseier. Dette føreset ein opning av samfunnet og meir fart i økonomien. Pr. april held fylkesrådmannen på ei konservativ tilnærming for denne store inntektsposten, og kjem med ny vurdering for skatteområdet i rapporten etter 2. tertial.

Opplæring og kompetanse

Opplæringssektoren melder ein årsprognose som samla sett ikkje har avvik frå budsjettet. Sjølv om dei totalprognosen er balanse, så er det budsjettavvik på fleire område. Dette gjeld mellom anna for:

- Innføring av det nye skuleadministrative systemet, 12 mill. kr. Dette er eingongsutgifter og det kan vere at dette gjer at dei budsjetterte kostnadane vert lågare til neste år.
- Auka kostnader knytt til auke på 3 klassar vedteke i sak 19/21.
- Sektoren melder om prognose på 8 mill. kr. meir enn budsjettet til opplæring i bedrift.
- Skulane melder om eit samla meirforbruk på 21 mill. kr i 2021.

Sjølv om det er fleire negative avvik i høve til budsjettet reknar avdeling for opplæring og kompetanse med at rekneskapen vert på nivå med budsjettet ved utgangen av året. Dette skal ein

klare gjennom stram økonomistyring og fokus på nokre område. Samla budsjetttramme for opplæringssektoren er knapt 3 500 mill. kr.

Pandemien gjev mindreforbruk for visse område. Spesielt gjeld dette for kurs, reiser, seminar og samlingar der avdelingar er lokalisert på fleire steder. Sektoren meiner at det er stor usikkerheit knytt til den økonomiske verknaden av Covid-19.

Prognosen for dei vidaregåande skulane er og usikker som følgje av driftskonsekvensar av korona og i kva grad det må setjast i verk særskilte tiltak. Det er meldt om meirforbruk ved ni av skulane og fylkesdirektøren har særskilt oppfølging av utviklinga ved desse skulane.

Visma In School, som er det nye felles skuleadministrative systemet for vidaregåande skular, skal takast i bruk frå hausten 2021 i Vestland fylkeskommune. For å sikre vellukka innføring av systemet er det i budsjetta for perioden 2020-2022 sett av 8 mill. kr årleg. Dette gjeld frikjøp av personalressursar frå skulane og auka systemkostnader. Ein del av frikjøpa er utvida frå halvt til heilt år som følgje av forskyvingar i prosjektarbeidet. Basert på m.a. dette er det prognose om eit meirforbruk på 12 mill. kr for prosjektet.

For opplæring i bedrift er noko av årsaka til prognose om meirforbruk eit etterslep når det gjeld avviking av fagprøver. Pandemiutviklinga og gjenopning vil vere avgjerande for kva tid etterslepet kan hentast inn - og dermed kva meirforbruk ein kan rekne med.

Mobilitet og kollektiv

Kollektivtransport har under heile pandemien vore området med størst usikkerheit, og sektoren med dei største økonomiske avvika. Inntektstapa i sektoren har vore sær store. Samstundes har staten kompensert for dette tapet etter kvart. Situasjonen etter dei fire fyrste månadane er ein prognose på 380 mill. kr i tapte billettinntekter. Staten har signalisert at fylkeskommunane også i fortsetjinga av pandemien skal verte kompensert for inntektssvikten. Staten har allereie utbetalt ein kompensasjon som dekker opp for Skyss sitt inntektstap for dei tre fyrste månadane. Samstundes er det på kostnadssida prognose om eit positivt avvik på 110 mill. kr.

Fylkesrådmannen vurderer at det er noko usikkerheit om staten vil halde fram med full kompensasjon av inntektsbortfallet. Samferdsledepartementet har i det siste bede om å få opplysningar om kva arbeid som vert gjort med inntektssikring, jf. avsnitt om inntektssikring nedanfor. Dette har samband med at talet på passasjerar som ikkje betalar er stigande, og staten finn det ikkje rimeleg at ein gjennom kompensasjonsordninga også dekker inntektstapet som følgje av dette. Dette understrekar for fylkesrådmannen at det er usikkert om det også resten av året kan reknast med full kompensasjon av inntektstapet og dette er det teke omsyn til i prognosen. I staden for ein full kompensasjon av tapet på 380 mill. kr, er det lagt til grunn ein kompensasjon på 340 mill. kr.

Årsprognosen til Skyss kan oppsummerast i tabellen under;

	mill. kr
Tapte inntekter kollektivtrafikken	-380
Positivt avvik kostnader	110
Statleg kompensasjon inntektssvikt	340
Årsprognose 2021	70

Årsprognosen for Skyss viser eit positivt avvik på 70 mill. kr. Då er det lagt til grunn ein kompensasjon på 340 mill. kr for den samla svikten i høve til inntektsbudsjettet.

Det positive avviket på kostnadssida på 110 mill. kr skuldast mindrebehov som følgje av lågare kontraktskostnader med bakgrunn i indeksreguleringar, lågare bonus og auka gebyr grunna produksjonsavvik knytt til kontraktar. Mindrebehovet på kontraktssida er rekna til 60 mill. kr. Det resterande positive avviket er på 50 mill. kr, og kan i stor grad knytast til ulike effektar av pandemien.

Det er stor grad av usikkerheit i utviklinga i billettinntektene, og dette vil sjølvstekt henge tett saman med ein gradvis opning av samfunnet og eventuelle endra reisevanar blant dei kollektivreisande.

Førebels byggjer prognosen på eit scenario for 2. halvår av 2021 der ein reknar med månadlege tap i billettinntektene i storleiken 25-30 %.

Fylkesrådmannen kjem attende til dei nemnde risikoelementa som kan gje budsjettavvik i rapporten etter 2. tertial; og vil då gjera framlegg om budsjettendring for mindrebehovet knytt til kontraktar om ikkje situasjonen då har utvikla seg negativt samanlikna med vurderingane i denne rapporten.

Andre område innan Mobilitet og kollektiv

For den delen av sektoren som ikkje gjeld Skyss er det TT- ordninga og arbeidskøyringa som kan gje vesentlege avvik. TT- ordninga er påverka av pandemien, og førebels er det eit mindreforbruk på dette budsjettkapittelet grunna dette. Når samfunnet opnar opp att, vil auka reiseaktivitet gje auka forbruk, men 2021 vil truleg resultere i eit mindreforbruk.

For arbeidskøyringa er det eit så stramt budsjett at det truleg vert eit negativt budsjettavvik. Førebels er prognosen på MOK utanom Skyss ein prognose lik balanse i drifta ved utgangen av året. Verknadane av pandemien vil vere avgjerande for årsresultatet på dette området, og dette vil ein koma nærare attende til ved rapportering pr. 2. tertial.

Inntektssikring - kollektivtrafikken

For 2021 er det sett av tilsvarande budsjetttrammer som i 2020 til kontrollverksemd av passasjerar på buss og bane, og det vert no gjennomført maksimalt tal billettkontrollar innanfor desse rammene.

Som følgje av pandemien, er det ein stor auke i talet på passasjerar som ikkje betalar. Det at billettinntektene er redusert meir enn reduksjonen på tal reisande, er peika på i brev frå Samferdsledepartementet til fylkeskommunane 26.mars. I svaret frå fylkeskommunen til departementet, er det meldt at auka kontrollverksemd er eitt av fleire tiltak som vert vurdert for å sikre at billettinntektene er i tråd med tal reisande.

Fylkesrådmannen ser det som naudsynt å iverksette auke i kontrollverksemda for resten av 2021 for å få prosent for ikkje betalende passasjerar tilbake til eit normalt nivå. Dette vil kunne sikre billettinntektene som er lagt til grunn i budsjettet. Meirkostnadane knytt til auka aktivitet vert i stor grad finansiert av auke i gebyrinntekt som følgje av fleire kontrollar.

Veg og infrastruktur

Sektoren melder ein årsprognose lik eit negativt budsjettavvik på 13 mill. kr. Hovudårsaka er eit meirforbruk knytt til to nye driftskontraktar som fylkeskommunen fekk tilbod på i byrjinga av året. Dette er kontrakt for Bergen/Os/Austevoll (BOA) og kontrakt for Sunnfjord Sør. Oppstart av kontraktane er 1.9.2021. I budsjettet vart det lagt inn ein auke knytt til desse kontraktane, men denne er truleg ikkje tilstrekkeleg i høve til inngått kontrakt. Dersom avviket i prognosen skal reduserast, så må ein redusere planlagt vedlikehald. Fleire andre driftskontraktar har oppstart seinare i år, og det er noko uvisse kring korleis desse slår ut økonomisk. Det er ikkje meldt om avvik på sektoren sine budsjettområde utanfor driftskontraktane; tilskotsordningar og administrasjon.

Fylkesrådmannen vil kome attende til ein meir detaljert prognose for sektoren pr. 2. tertial.

Tannhelse

Tannhelse melder at ein pr. april ser ut til å få eit negativt årsresultat på 6 mill. kr. Dette meirforbruket er i sin heilheit knytt til negativ drift ved eininga TkVestland. Dei andre einingane; alle klinikkane og administrasjonen, har samla sett ein årsprognose som tilseier balanse eller eit mindre overskot.

På same måte som for kollektiv, er det for tannhelse ein stor pandemi- effekt som gjev inntektssvikt. Inntektstapet i 2020 på betalende pasientar var på om lag 39 % målt mot budsjett. I 2021 er tapa ein del lågare, men framleis betydelege. For dei 3 fyrste månadane er tapet i rekneskapen når det gjeld dei betalende pasientane på 6,8 mill. kr; eller 22 % samanlikna med budsjettet. Det er iverksett følgjande kostnadsreduserande tiltak;

- halde stillingar vakante

- reduksjon av vikarbruk
- reduksjon i sektoren sine innkjøp, reiseverksemd, møte og etterslep på teknisk arbeid.

Som nemnt har TkVestland størst budsjettutfordringar innan tannhelse, og det ligg no føre to rapportar som peikar på mogelege tiltak. Fylkesrådmannen vil implementere dei tilrådde tiltaka i rapportane så raskt som råd både på inntekts- og kostnadssida. Plan for gjennomføring av tiltak vil vere del av rapport pr. 2 tertial.

For tiltaka på inntektssida, vert det fremja sak til fylkesutvalet, i juni der ein foreslår takstauke på spesialisttenestene frå og med 01.07.2021. Dette er i tråd med framlegg til takstauke i rapporten frå PWC, og dette vil auke inntektene og redusere den negative drifta ved senteret i 2. halvår.

Kultur, idrett og inkludering

Årsprognosen syner balanse. Ein stor del av sektoren sitt budsjett gjeld tilskotsutbetalingar som til dels er finansiert av statlege midlar. Periodisering av tilskotsmidlane gjennom året er utfordrande, men dette har ikkje påverknad på prognosen.

Det er fleire vakante stillingar pr. 1. tertial slik at det så langt er unytta lønsmidlar. Etter kvart som ein får tilsett i dei ledige stillingane, vil dei budsjetterte lønsmidlane gå med. Det er rekna med reduserte kostnader som følgje av korona m.a. som følgje av redusert reiseverksemd, men så langt er prognosen balanse mellom budsjett og rekneskap.

Innovasjon og næringsutvikling

Sektoren melder ein prognose lik balanse i rekneskapen ved årets slutt. Utover det vert det signalisert at sektoren også kan ende med eit mindre budsjettmessig overskot.

Korona påverkar aktivitet og økonomi for sektoren i stor grad. Eit eventuelt mindreforbruk vil vere eit resultat av vakante stillingar, og ein reduksjon i kostnadane til reiser, kurs og samlingar.

Politiske organ

I første halvår 2021 har det for det meste vorte avvikla digitale møte. Dette gjev innsparing i utgifter til reise, opphald og leige av lokale. Innsparinga vil truleg kome opp mot 4 mill. kr.

Organisasjon og økonomi

Prognosen for avdelinga er balanse mellom budsjett og rekneskap ved utgangen av året, sjølv om fleire av seksjonane har knappe budsjett. Etter 1. tertial er det meldt om budsjettavvik for to seksjonar, medan dei fire andre har prognose om balanse.

Eigedomsavdelinga

For eigedomsavdelinga, som er ein del av Avdeling for organisasjon og økonomi, er prognosen for 2021 lik budsjett. Avdelinga melder at den største faktoren som kan påverke prognosen er energiprisane. Om energikostnadane vert redusert frå dagens nivå vil dette gje eit mindreforbruk samla sett.

Strategisk utvikling og digitalisering

Årsprognosen til sektoren pr. april er eit budsjettmessig meirforbruk på om lag 9 mill. kr. Dette negative budsjettavviket er stort i høve til sektoren si budsjetttramme, men hovuddelen av dette gjeld fellessystem på IKT- området som gjeld andre sektorar.

Ved oppstart av Vestland fylkeskommune kom det til nye brukarar, m.a. den nye avdelinga Infrastruktur og veg. Endringar i møteformer etter pandemiutbrotet med overgang til stor grad av digital politiske møte, har vidare ført til mange fleire brukarar av IKT-system på politisk side. I tillegg har tilrettelegginga med m.a. streaming av møta auka IKT-kostnadane.

Fylkesrådmannen vil kome attende til dette i rapporten etter 2. tertial. Ein vil gjennomgå budsjettfordelinga mellom IKT-seksjonen og dei ulike avdelingane slik at fellessystem vert budsjettert sentralt medan fagspesifikke system vert dekkja av dei respektive avdelingane. I tillegg

vil fylkesrådmannen vurdere budsjettnivået for felles IKT-kostnader ut frå endringane ein har sett det siste året, jf. det som er nemnt om endringar i møteformer.

Konsesjonskraftinntekter

Gjennom store deler av 2020 var marknadsprisen på kraft så låg at det var lite fortjeneste på sal av konsesjonskraft. Men frå årsskiftet endra situasjonen seg. I 1. tertial 2021 har kraftprisane vore høge.

I november 2020 reduserte fylkeskommunen volumet av kraft som er prissikra i terminmarknaden. Dette gjer at prisoppgangen i 2021 har slått positivt ut. Det er budsjettert med ei nettoinntekt på 130 mill. kr frå konsesjonskraft. No er det utsikter til at inntekta kan bli så høg som 185 mill. kr, altså 55 mill. kr betre enn budsjettert.

Renter og avdrag

Så langt i år er det ikkje noko som tyder på nemnande avvik frå budsjettet på rentekapitlet.

Det mest sannsynlege scenarioet er at Norges Bank vil heve styringsrenta i desember 2021. I så fall vil dette gje lite utslag i 2021-rekneskapen. Men marknaden forventar at rentenivået skal opp på litt sikt.

Lønsavsetjing/ pensjonskostnader

Det er brot i lønsforhandlingane i kommunal sektor, og oppgjeret er gått til mekling. I budsjettet har ein lagt til grunn statsbudsjettet sine føresetnader om årslønsvekst på 2,2 % frå 2020 til 2021. Resultatet i frontfaget vart 2,7 %. Om resultatet i kommunesektoren vert på same nivå, vil det bli eit negativt budsjettavvik på om lag 20 mill. kr på lønsavsetjingskontoen.

For pensjonskostnader kjenner ein så langt ikkje til nemnande avvik i høve til budsjettet.

Tekniske budsjettjusteringar

Gjennomgangen ein har hatt i samband med tertialrapporten har synt lite behov for tekniske budsjettendringar. Det er venta at det vil vere auka behov for endringar etter 2. tertial når den økonomiske stoda er meir sikker.

I tabellen under er aktuell budsjettendring det vert gjort framlegg om. Dette gjeld oppatt løyving av investeringsmidlar på IKT- området frå 2020 til 2021.

Flytting	Frå	Til	Beløp / 1000	Årsak
Oppatt løyving 2020 til 2021	Felles IT-midlar 2020	Felles IT-midlar 2021	13 000	Langvarig leveranseproblem knytt til datamaskin-prosessorar i 2020. Leverandør kunne ikkje levere dette utstyret før 2021.

Oppsummering

Under er oversyn over prognosen for dei ulike budsjettområda:

Sektor	mill. kr
Skatt og rammetilskot	-81
Opplæring / kompetanse	0
Mobilitet og kollektiv	70
Veg og infrastruktur	-13
Tannhelse	-6
Kultur, idrett og inkludering	0
Innovasjon og næringsutvikling	0

Politiske organ	4
Organisasjon og økonomi	0
Strategisk utvikling og digitalisering	-9
Konsesjonskraft	55
Renter og avdrag	0
Lønsavsetjing og pensjon	-20
TOTALT	0

Rapport etter 1. tertial 2021 viser prognose om balanse ved utgangen av året for Vestland fylkeskommune. Oversynet viser at det særskilt er den positive prognosen til Mobilitet og kollektiv som medverkar til prognosen om balanse. I prognosen er det rekna inn om lag 90 % kompensasjon for tapte kollektivinntekter; 340 mill. kr. Den positive utviklinga for konsesjonskraft går også i rett retning.

Skattesvikten for 2021 er pr. 1. tertial rekna til 81 mill. kr. Fylkesrådmannen vil følgje skattetalane nøye framover, og endre prognosen pr. 2. tertial dersom signala frå revidert nasjonalbudsjett betre skattetal skulle realisere seg. Andre negative prognosar pr. 1. tertial er større lønsvekst enn budsjettet og kostnadssprekk på vegvedlikehaldet. Tannhelse har eit budsjettmessig underskot som kan knytast til eininga TkVestland. Fleire område melder om prognose lik balanse mellom rekneskap og budsjett ved årets slutt; mellom anna opplæringssektoren totalt.

Årsprognose pr. løyvingsnivå

Under er årsprognosen pr. april for Vestland fylkeskommune fordelt på løyvingsnivå. Dette samsvarer med prognosane og dei forklaringane for budsjettavvik som går fram for kvar sektor over. For dei løyvingsnivåa som ikkje er sett opp i tabellen er venta årsprognosar i samsvar med det som er budsjettet.

L N	Namn	Årsprognose
1	Skatt, rammetilskot og inntektsutjamning	-81
3	Konsesjonskraftsinntekter	55
7	Lønsavsetjing og premieavvik	-20
10	Politisk styring	4
16	IKT og digitalisering	-9
18	Pasientbehandling	-6
51	Buss	70
60	Veg - drifts og vedlikehald	-13
Årsprognose Vestland 2021		0

Risikovurdering

Tertialrapporten også etter 1. tertial 2021 vert lagt fram med uvisse kring vidare verknader av pandemien. Uvissa gjeld no kor lang tid ein må halde fram med smitteverntiltak som særleg slår ut for kollektivtrafikken, opplæringsstilbodet og tannhelsetenesta. Grad av smitte i samfunnet og kva tid ein er i mål med vaksininga er viktige parameter når risikosituasjonen skal vurderast.

Staten har gjeve kompensasjon for inntektsbortfall i kollektivtransporten og noko kompensasjon til andre sektorar i 2020. Kompensasjonsordninga for inntektsbortfall i kollektivtrafikken held fram i 2021 og Vestland fylkeskommune har som nemnt så langt fått kompensasjon på 132 mill. kr - godt i samsvar med inntektssvikten ein kan konstatere.

I revidert nasjonalbudsjett har regjeringa følgd opp med forslag om ytterlegare kompensasjon for bortfall av billettinntekter på 1 531 mill. kr. Denne løyvinga kjem i tillegg til summen på 1 250 mill. kr som kom i statsbudsjettet. Summane er løyvde som del av skjønstilskotet til fylkeskommunane og er dermed ikkje fordelte enno, sett bort frå delar av løyvinga på 1,25 mrd. kr der Vestland fekk 132 mill. kr.

Regjeringa foreslår vidare å auke skjønstilskotet med samla 150 mill. kr til meirutgifter i vidaregåande skular og til inndekking av inntektstap i tannhelsetenesta.

Ut frå signala i revidert nasjonalbudsjett, legg fylkesrådmannen som nemnt framfor til grunn at ein i stor grad vil få kompensasjon for inntektsbortfallet i kollektivtrafikken også i 2021, men ut frå risikovurdering legg ein til grunn ei mindre avkorting i kompensasjonen for inntektsbortfallet.

Kvartalsgjennomgang/risikoområde

Fylkesrådmannen har gjennomgang av den økonomiske stoda med kvar fylkesdirektør kvartalsvis. Her rapporterer avdelingane om den økonomiske situasjonen, og tek opp moment som kan medføre risiko for budsjettavvik. På denne måten får ein løpande gjennom året vurdert risikomomenta avdelingsvis slik at fylkesrådmannen kan vurdere den samla for verksemda.

Områda med størst risiko for økonomiske avvik er drift av fylkesvegane, skuledrifta og kollektivtrafikkinntektene. Etter koronautbrotet har ein hatt særleg fokus på utviklinga i kollektivinntektene, men det store omfanget av skuledrifta gjer at utviklinga for dette området må følgjast særskilt.

Tannhelsesektoren har også utslag av pandemien; både på kostnads- og inntektssida. Det er framleis noko etterslep i handsaming av klientar og inntektssida er redusert samanlikna med det som tidlegare var rekna som eit normalår. Tannhelsetenesta har fokus på dette og arbeider målretta mot å hente inn etterslepet og kome så nær normal drift som råd. Endringar i smittesituasjonen i ulike delar av fylket, gjer at arbeidet må tilpassast etter kvart.

Med høg lånegjeld er rentekapittelet viktig å ha kontroll på. Styringsrenta held seg framleis på 0%, og dette gjev utslag i låge rentekostnader for nye lån. Utsiktene framover er at rentenivået vil kunne auka noko dei neste åra med stigande lånekostnader som resultat. Dette er eit viktig moment i finansielle risikovurderinga.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tertialrapporten er viktig for den økonomiske styringa. Statleg kompensasjon for tap i kollektivinntektene/tannhelsetenesta er avgjerande for det økonomiske resultatet i 2021.

Sektorvise tiltak for å avgrense negative budsjettavvik er i tillegg viktig å gjennomføre.

Klima: Om det må setjast i verk tiltak i kollektivtransporten kan det få klimaeffekt.

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesrådmannen foreslår i tertialrapporten budsjettendringar innanfor investerings- og driftsbudsjettet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering
2. Investering: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

	kr 1 000
Bompengepakkar	-195 366
Store investeringsprosjekt	-62 765
Tunnelrehabilitering	132 555
Mindre utbetringar	-83 560
Gang- og sykkelveg	28 377
Trafikktryggingstiltak	11 294
Kollektivtrafikktiltak	7 059
Miljø og servicetiltak	3 804
Planlegging	6 085
Øvrig	18 101
Skredsikring	92 529
Sum vegar	-41 887
Askøy vgs.	-30 000
Nye Førde vgs / THT Førde	60 000
Måløy vgs. - opplæringsfartøy	-30 000
Måløy vgs. -rehab. bl. A og D	-30 000
Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	-20 000
Mo og Øyrane vgs - rehab./omb. internat	-5 100
Måløy vgs. - akvahall	-4 000
Nytt fylkeshus	-80 000
Tannklinikkar	5 000
Felles IT investeringar	13 000
Sum bygg	-121 100
Finansiering:	
Mva komp.	-32 987
Bompengar	-98 000
Lån	-32 000
Sum finansiering	-162 987

3. Drift: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i driftsbudsjettet:

		kr 1 000	
Løyvingsniv		Meirutg.	
å	Tekst	Mindreinnt.	Meirinnt.
1	Rammetilskot		168 147
22	Forsking, kompetanse, internasj.	35 547	
51	Billettinntekter kollektiv	132 600	
		168 147	168 147